



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

08/07/2021

Naturmangfold og kulturminne i Kvanndalen og Dyræhei landskapsvernområder

SVR - Notat 1-2021



Utførende institusjon**Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene****Kontaktperson****Alf Odden****Publikasjonsnummer****SVR – Notat 1-2021****År****2021****Sidetall****32****Opplag****Berre
digitalt****Utgiver****Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene****Forfatter****Forvalningssekretariatet for SVR v/ Alf Odden****Tittel****Naturmangfald og kulturminne i Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernombråder****Sammendrag**

Dette notatet beskriv ulike former for kulturminne ulike sider ved naturmangfaldet i landskapsvernombråda Kvanndalen og Dyraheio i Suldal kommune. Aktuelle tema er mellom anna; landskap og berggrunn, plante og dyreliv, historisk bruk og fysiske kulturminne, friluftsliv og forslag til vidare lesing.

Forsidefoto**[Litlavatnet i Kvanndalen landskapsvernombråde. Foto: Alf Odden]**

Forord

Dette notatet tek føre seg ulike kulturminne og ulike sider ved naturmangfaldet i dei to landskapsvernområda Kvanndalen og Dyraheio i Suldal kommune.

Teksten vart opphavleg utarbeidd i 2012 til bruk på nettsida til Miljøstatus Suldal. Teksten er nå blitt oppdatert og er tenkt å være eit supplement til dei meir kortfatta omtalene av verneområda på SVR sine nettsider.

Kvanndalen landskapsvernområde

Høge fjell og grøne dalar

Sjølv om Kvanndalen er eit naturleg midtpunkt, inneheld Kvanndalen landskapsvernområde meir enn dalen som har gjeve namn til området. Her finn vi også Rogalands tre høgaste fjelltoppar, ein rik flora, viktige trekkvegar for villreinen og mange kulturminne i samband med ferdsla, stølsdrift og reinsdyr fangst.

1.1 Dalen, heia og nutane

Sjølv Kvanndalen er ein relativt slak dal som strekk seg i nordaustlig retning frå Kvanndalsdammen (630 moh) og 10 km inn til Bakkaleger. Her inne stig dalbotn brått frå 800 moh til 1000 moh før den flatar ut på 1100 moh ved vasskilet mot Ståvassdalen. Kvanndalen er ein såkalla hengande dal i høve til hovuddalføret i Suldal. For mens den store isbreen nede i hovuddalføret klarte å grave seg svært djupt ned, hadde den mindre breen i Kvanndalen ikkje kome så langt da den smelta bort for om lag 10.000 år sida. Sidan den gong har Roaldkvamsåna grove ut eit mektig tilpassingsgjel for å utjamne høgdeforskjellen.

Vest for Kvanndalen går grensa for verneområdet oppe på nutane frå Melen (1574 moh) til Trollaskeinuten (1622 moh) og Ikastenuten (1607 moh). Mot nord går grensa over dei to høgste toppane i Rogaland, Kistenuten (1644 moh) og Vassdalsegga (1658 moh) før austgrensa går sørover til Fidjanuten (1504 moh) og Endanuten og vidare sør mot Sandvatnet. Sørgrensa går over Havrevassnibba til Kvanndalsdammen og opp att til Melen. Verneområdet blir dermed om lag 7 km 12 km i utstrekning, noko som tilsvarer

eit areal på 84km². Mot vest er det bratt opp frå dalbotnen til nutane der grensa går, men på austsida finn ein også litt lågareliggende heiemråde ved Lisledalsfleene og rundt dei store vatna Isvatnet (1301 moh) og Litlavatnet (1101 moh).



Utsikt mot Lisledalsfleene

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

1.2 Om geologi og landskapsformar

Dei store og dramatiske kontrastane som pregar dagens landskapet i Kvanndalen landskapsvernområde, har ei lang geologisk forhistorie. Helt enkelt sagt kan berggrunnen i området samanliknast med ei blautkake. Eit lag med harde bergartar utgjer kakebotn nedst, eit lag med lause bergartar utgjer kakefylllet i midten, før ein får eit nytt lag med harde bergartar på toppen.



Elveslette ved Svultanuten

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

1.2.1 Grunnfjellet

I det nedste laget finn vi grunnfjellet. Overflata til grunnfjellsområda var i utgangspunktet relativt jamm og flat og er restar etter det såkalla "subkambriske peneplanet". Ei flate som blei danne for om lag 600 millionar år sidan, da vær og vind hadde tæra ned store delar av fjellkjedene frå ertida. Innanfor verneområdet finn vi rester av denne gamle flata på dei karakteristiske hyllene eller skorene Svulanutskora og Sevskor som ligg 1000 moh på begge sider av Kvanndalen. Dette betyr at dalbotn og dei 400 nedste metrane av dalsidene ligg innanfor grunnfjellsområdet.

Her i Kvanndalen består grunnfjellet av granitt, basalt og sandstein. Granitten er den dominante bergarten og har si utbreiing i to områder. Det eine strekk seg frå Kvanndalsdammen og inn til Svulanuten, mens det andre ligg inst i dalen ved Bakkaleger. I mellom desse to områda består berggrunnen av vekslande stripa av sandstein og basalt som går på tvers av dalbotn. Eit område med basalt og sandstein finn ein også i eit belte langs Tverråna frå utløpet av Litlavatnet og ned til Sandvatn.

Granitt er ein vulkansk djupbergart som saman med gneis er dei to vanligaste grunnfjellsbergartane. Granitten er lett gjenkjenneleg ved at mineralkorna er godt synlege og at de ikkje dannar noko fast mønster. Granitten i Kvanndalen er i tillegg relativt grovkorna slik at den er lett å skilja frå dei andre bergartane. Fargen er som regel grålig, men kan variere frå raudleg til nesten svart. Basalt er en vulkansk dagbergart som blir danna ved at lava størknar oppe på overflata. Basalt er en svært finkornet bergart og får ofte en jevn gråsvart farge. Sandstein er en avsetningsbergart som består av sandkorn som ved hjelp av trykk og temperatur har blitt presset sammen til fjell. Sandsteinen i Kvanndalen er finkorna og har en lysgrå farge.

Dei fleste grunnfjellsbergartane er harde bergartar som forvitrar seint. Dette betyr at steinen i liten grad brytast ned til sand og grus som kan gi vekstvilkår for planter. I tillegg

er grunnfjellsbergartane er svært næringsfattige slik at det berre er de plantene som klarer seg med lite som vil trives i slike områder.

1.2.2 Skiferlaget

Fyllitten og glimmerskiferen som utgjør laget over grunnfjellet har ganske andre eigenskapar. Som det lokale namnet "råtafjell" tydar på forvitrar fyllitten svært lett og gir opphav til et tjukkare jordsmonn. Elles er særlig den mørke fyllitten rik på kalk, magnesium og andre viktige næringsstoffer som alle planter sett pris på. Derfor vil vi i fyllittområda finne ei rekke planter som stiller store krav til næringstilgangen og derfor ikkje vil finne livsgrunnlag i grunnfjellsområda. På vestsida av Kvanndalen finn vi fyllitten helst som et lag nedst i bergveggen opp frå Svulanutskora, men nord og aust for dalføret ligg fyllitt og glimmerskifer heilt oppe på overflata i store områder. Slik som til dømes på Lisledalsfleene og områda på rundt Litlavatnet.

Fyllitt er ein omdanna eller metamorf bergart. Utgangspunktet er leire som ble avsett i havområda som overfløypte det "subkambriske peneplanet" for om lag 600 millionar år sida. Leirlagane vart stadig tjukkare gjennom heile kambrosilur perioden som varer i om lag 200 millionar år, og etter kvart som trykket aukar blir leira forsteina til avsetningsbergarten leirskifer. Under den "Kaledonske fjellkjedefolding". for om lag 400 millionar år sidan foldes jordskorpen og det oppstår en stor fjellkjede over det meste av Vest-Noreg. Nå føres leirskiferen lengre under overflaten og på grunn av aukande trykk og temperatur omdannes den til fyllitt og nokon gongar vidare til glimmerskifer.

1.2.3 Skyvedekket

I samband med den "Kaledonske fjellkjedefoldinga" vart også eldre grunnfjellsbergartar skyvd over den yngre fyllitten. Denne "høgfjellsetasjen" eller "skyvedekket" som den også kallas består i hovudsak av ulike typar gneis. I Kvanndalen landskapsvernområde finn vi den at på dei høgaste toppane. Heile massivet på vestsida av Kvanndalen med Melen, Ikastenuten og Trollaskeinuten består av gneis. Det same gjer toppen av Kistenuten, Vassdalsegga og Fidjanuten. I tillegg finns det ei ganske stor område med gneis rundt Isvatnet. På disse stadene fungerer dei harde gneisane som et lokk som beskyttar dei mindre harde laga med fyllitt som ligger under. Gneisen i skyvedekket har omrent dei same eigenskapane som granitten når det gjelder grunnlag for plantevekst. Bergarten forvitrar seint og gir opphav til et skrint og næringsfattig jordsmonn.

Gneis er ein sterkt omdanna bergart som kan ha sitt utgangspunkt i mange andre bergartar. I gneisen er de enkelte mineralkorna ikkje synlege, men den kjennes lett att ved at dei dannar tydelig band og stripa ofte med forskjellig farge.

1.2.4 Landskapsformer og lausmassar

Etter den store fjellkjedefoldinga startar nedtæringa av dei høge fjella. For 66 millionar år sidan glir landplatene til Grønland og Noreg frå kvarandre og Atlanterhavet og Norskehavet blir danna. I samband med dette vart Vestlandet heva opp minst 1000m. Dei siste to millionar år har fleire istider og utallige elver og bekkar tæra på fjella og forma det landskapet vi finn i dag.

I Kvanndalen finn ein mange spor etter isen og vatnet sitt arbeid. Sjølve dalen er i hovudsak grove ut av ein isbre, og fekk sin noverande utsjånad med eit U-forma tverrsnitt etter siste istid. Dei store skorene oppe i dalsida tydar likevel på at det gjekk ein dal her også forut for istidene. Samstundes er dalen såpass djup og rettlinja at ein trur at vatnet og isen må ha starta arbeidet med utgangspunkt i ein allereie eksisterande sprekk.

Det er ikkje berre den store dalbreen i Kvanndalen som har sett sitt preg på landskapet. Også mindre botnbreer har grove ut karakteristiske amfiforma gryter. Eit svært godt døme på ei slik landskapsform er Ikasteskaret. Inne i gryta kor Litlavatnet ligg er det og ei botnbre som har grove bort all fyllitten slik at grunnfjellet blir synlig. Etterpå har vatnet i Tverråna grove ut eit V-forma gjel gjennom berggrunnen på sin veg ned mot Sandvatnet. Vatnet har også sett sitt tydelege preg på landskapet andre stader. Kvanndalsåna har grove ut eit liknande gjel lengst inn i dalen der dalbotnen fell nær 300m i løpet av eit par kilometer. Isåna sitt gjel må også nemnas, men her har ein særleg hard kant av grunnfjell hindra elva i å grave ut eit gjel med jamn helling. I staden har det danna seg ein praktfull foss som sakte trekk seg bakover.

Lausmassane i Kvanndalen landskapsvernområde består i hovudsak av morenemateriale som vart av sett av breen etter siste istid. Det er både snakk om botnmorene som vart avsett på undersida av isen, og ablasjonsmorene som er restar etter lausmassar som låg inne i eller oppe på isen. Kjenneteiknet på morene er at både stein, grus, sand og leire er blanda saman utan noko system, samstundes som småstein og grus har skarpe kantar og i liten grad ber preg av å være slipa av vatn. Morenedekket i området er for det meste svært tynnt. Det kan mellom anna sjå ved at det stikk opp knausar med fast fjell mange stader. I dei bratte sidene av Kvanndalen, skråningane ned frå dei høge toppane i nord og aust, samt nord skråninga i botnen ved Litlavatnet består lausmassane av rasmateriale. Her er det særleg den lause fyllitten som er opphav til rasmarkane. Eit unntak er Gråurda som ligg oppe på Svulanutskora. Den er truleg danna av eit stort fjellskred med harde bergartar frå Trollaskeinuten. Nokre stader langs Kvanndalsåna finn vi også ei tredje form for lausmassar, nemleg elveavsetningar. Elveavsetningane består av grus og sand som er slipa og sortert av rennande vatn. Desse finn vi på dei flate elveslettene mellom Bakkaleger og Midtvika, og nede ved Raudmyr og Svultatuten. Fleire av desse stadene finn ein også markerte terrassekantar kor elva har grove seg ned i avsetningane. På elvesletta nede ved Svulanuten går også Kvanndalsåna i flotte meandersvingar.

1.3 Planteliv

Plantelivet innanfor Kvanndalen landskapsvernområde er mildt sagt varierande og talet på ulike karplantar er høgt. Over store områder er vegetasjonen relativt fattig, men så finnes det også områder som kan måle seg med den rike floraen i meir kjente stader som Stranddalen. Ein viktig årsak til den store variasjonen i vegetasjonen ligg i den skiftande berggrunnen. I tillegg kjem også dei variasjonane som naturleg følgjer med ulik høgde over havet, snødekke og tilgang på livd og sollys, slik at både varmekrevjande låglandsplanter og typiske fjellplantar veks innanfor landskapsvernområdet. Ein annan årsak til den store variasjonen er at Kvanndalen ligg i ei overgangssone mellom kystklima og innlandsklima. Dermed opptrer typiske vestlege artar som rome, bjønnkam og blåknapp, saman med austlege artar som søterot og turt.

1.3.1 Vegetasjonen i dalbotn

I dei nedre delane av Kvanndalen, frå Kvanndalsdammen og inn til litt forbi Svultanuten, er dalbotn dominert av ein open bjørkeskog. Tregrensa ligg på vel 800 moh, og noko høgare på austsida enn på vestsida. Lengre inn i dalen er bjørkeskogen meir spreidd, men særleg på austsida er det stadvis gode bestandar med bjørk. Heilt inne forbi Bakkaleger går bjørkeskogen heilt opp mot 900 moh. Frå naturens side skulle Kvanndalen vore skogkledd opp mot 850-900 moh. Men hard vedhogst, slått og beite i samband med stølsdrifta har medført at tregrensa no går lågare mange stader. Bjørkeskogane i Kvanndalen er ikkje særleg næringskrevjande og bjørka har til vanleg følje med ulike vierartar, blåbær, gullris og gras som smyle og sølvbunke. Bregnar som fjellburkne, smørtelg og hengjeveng er også vanlege. På litt fuktige stader kan bjørkeskogen vere dominert av skrubbær og blåtopp. Bjørkeskogen i Kvanndalen tilhørar det ein på fagspråket kallar subalpin bjørkeskog. Unntaket er liene lengst ned mot Kvanndalsdammen kor det veks gråor. Inne ved Svultanuten veks det også ein liten granskog som truleg er planta. Her er det og ein bestand med krypfuru.

Sjølv om Kvanndalen fuktig nok finns det få store myrer. Dei som finns er i hovudsak fattige starrmyrer kor artar som tranestarr, blankstarr, flaskestarr, myrsnelle og duskull er vanlege. Her vil ein også ofte finne artar som molte og blåtopp. Høgare oppe i heia går både planteproduksjonen og nedbrytinga ennå saktare, og her blir det bli ikkje danna myr.

På stølsvollene rundt de mange nedlagte stølane i Kvanndalen, dominerast vegetasjonen av det som på fagspråket kallast sekundære grasheier. Namnet kjem av at vegetasjonen opphavleg har vore ein annan, men at lange tider med vedhogst, slått og beite har fortrengt desse artane. Samstundes som denne verksemda har favorisert ei lang rekke gras og starrartar. Stølsvollane dominerast no av artar som sølvbunke, finnskjegg, gulaks, engrapp og engkvein, samt seterfrytle, kornstarr og stivstarr. Andre plantar som fjellmarikåpe, engsyre, tepperot og harerug er også vanlege på stølsvollane. Utanfor sjølve Kvanndalen er det berre i nordenden av Litlavatnet at ein finn liknande grasheier.

Her inne har det ikkje vore støling eller slått, men beitinga i samband med mellom anna driftferdsla har vore relativt omfattande.

No er det 60 år sidan stølsdrifta i Kvanndalen opphørte og med den vart det også slutt på vedhogsten. Slåtten haldt fram noko lengre, men det har knappast vore slege dei siste 50 åra. Talet på beitedyr har også gått jamt nedover. Dei sekundære grasheiane som oppstod på grunn av kulturpåverknad vil truleg sakte forsvinne no som denne påverknaden mest er borte. Langs Kvanndalsåna og andre fuktige stader et vierkratta seg innover stølsvollane, mens der det er tørrare er bjørkeskogen på veg tilbake. Rundt Fleso og Svultanuten er denne utviklinga allereie i gang, og erfaringar frå andre stader tydar på at attgroinga berre vil gå raskare i åra som kjem.

Langs det meste av Kvanndalsåna og større bekker nede i dalen veks det ei stripe med vierkratt. Nokre stader som ved Svultanuten og dei inste delane av dalen kan også større områder dekka med vier. Dei fleste stadene er lappvier den mest talrike, men også sølvvier og grønnvier er vanlige. Sølvbunke er også svært vanlig i vierkratta, saman med andre grasartar som gulaks og smyle. Elles veks også artar som fjellmarikåpe, myrfiol, myrhatt og vendelrot saman med vieren. Vierkratta i Kvanndalen er mange stader truleg eit stadium i attgroinga etter at stølsdrifta tok slutt. Også langs Tverråna og andre høgareliggende vassdrag vekst det vier, men for spreidd til at det kan kallast vierkratt. Nokre stader inne i Kvanndalen kor det er god tilgang på både næring og fuktighet vil vierkratta få ei heilt anna utforming. I slike høgstaudekratt vil ein i tillegg til lappvier, sølvvier og ullvier finne ei rekkje store og iaugefallande urter. Dette vil særleg dreie seg om turt, kvitsoleie, vendelrot, mjødurt, kvitbladtistel, fjelltistel, sløkje, raud jonsokblom og skogstorkenebb. I tillegg vil en som regel finne sølvbunke, skogrørkvein, fjellburkne og smørtelg. Fjellkvann som truleg er opphavet til navnet Kvanndalen hører også naturleg heime i denne vegetasjonstypen. Hardt beitepress over lang tid har ført til at fjellkvannen no er fortrent til vanskeleg tilgjengelege stader oppe i dalsidene.

På dei flate stein- og grus slettene som ein finn mange stader mellom vierkrattet og sjølve Kvanndalsåna, er det nokre planter som held ut ein omskifteleg tilvære med regelmessige overfløymingar. Denne såkalla pionervegetasjon består mellom anna av artar som sølvbunke, aksfrytle, fjellkvein, bearve, stjernesildre og forskjellige vierartar

1.3.2 Vegetasjonen i dalsidene

Når ein kjem over tregrensa får forma på landskapet mykje meir å si for plantelivet. Avblåsne og tørre rabbar vil få ein type vegetasjon, skråningar og sokk der snøen ligg lenger vil få ein annan. I tillegg vil vegetasjonen også variere med tilgongen på næring. Desse områda kor det er markert forskjell mellom vegetasjonen på rabbar og i snøleier tilhørar den lågalpine sona. Den strekker seg frå tregrensa ved om lag 850 moh og opp dit kor blåbæra ikkje lengre veks i samanhengande bestandar ved om lag 1050-1100 moh.

Lynghetiar er ein vanleg vegetasjonstype i dalsidene i Kvanndalen. På dei vêrharde rabbene vil særleg artar som rypebær, greppling og krekling trivast, men også artar som stivstarr, rabbesiv og smyle er vanlige saman med både skogstjerne og ulike svever. I skråningar kor det ligg litt meir snø er det blåbæra som dominerer saman med mellom anna blålyng, blokkebær og dvergbjørk. Her vil det også vekse fleire gras og blomsterplanter som smyle, gullris og skogstjerne.

Mange stader i dalsidene er det mange søkk og forseinkingar kor snøen ligg lenge utover våren. Desse snøleiane vil imidlertid variere mykje i utsjånad. Der kor snøen ligg lengst vil ein finne dei såkalla musøre snøleiene kor musøre er den dominerande arten. Her vil ein også finne dvergråurt, trefingerurt, stivstarr og smyle. Dersom desse snøleia blir skikkeleg våte vil ein også få innslag av fuktkrevjande arter som stjernesildre, engmjølke, fjellsyre og fjellskrinneblom. Der kor det er tørrare og snøen ikkje ligg like lenge vil det utvikle seg grassnøleier. Her veks til vanleg finnskjegg, smyle og stivstarr, som og kan få følgje av blåbær og blokkebær. Der det er mykje ur vil ein få bregnesnøleier med mykje fjellburkne eller hestespreng.

Vegetasjonstypane vi har sett på så langt må beskrivast som lite næringskrevjande, men det finns også områder kor fyllitten set sitt tydelege preg på vegetasjonen. Nokre stader vil næringsrikt sigevatn gi grunnlag for små oasar med stort artsmangfald og mange næringskrevjande fjellplanter. Gulsildre er ein svært vanleg art i slike rike sig. Elles er også artar som rynkevier, flekkmure, jáblom, dvergjamne, sotstarr og hårstarr vanlege. I tillegg vil også mange høgstauder trivast på desse stadene. Det vil mellom anna dreie seg om kvitbladtistel, fjelltistel, skogstorkenebb og raud jonsokblom.

Stader der det ikkje er like vått, men framleis godt med næring vil ein mange stader i fyllitt områda finne så kalla reinroseheier der det veks tette bestandar av reinrose. I tillegg finn ein også andre næringskrevjande arter som raudsildre, rynkevier, flekkmure, bergveronika, rosenrot og hårstarr, samt nokre mindre kravstore artar som tyttebær, kattefot, fjelltjørebomm og rabbesiv.

Rik vegetasjon finns flekkvis på mange stader i Kvanndalen landsskapsområde, men det er berre langs Svulanutskora og i Littlevassbotn det er snakk om større areal.



Fjelltjørebloom

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

1.3.3 Vegetasjon på høghei og toppar

Områder med llynghøi er også vanleg utanfor sjølve Kvanndalen. Dette dreier seg særleg om dei flatare hei områdane frå Lisledalsfleene og sørover forbi Litlavatnet. Her vil dei lågareliggende delane høyre til lågalpin sone, kor blåbær dannar tette bestandar der snødekket ikkje bles heilt bort. Dei høgareliggende delane tilhørar mellom alpin sone. Her vil store områder være dominert av llynghorter som krekling, grepplyng, med innslag av blokkebær, blåbær og fjellbjørk på litt lunare stader. Rabbesiv, stivstarr, finnskjegg og smyle er også vanlege artar. Forutan at blåbær blir sjeldan karakteriserast mellom alpin sone av at vegetasjonen ikkje er like samanhengande og eit aukande innslag av gras og lavartar. Når ein kjem opp på dei høgaste toppane blir desse trekka ved mellomalpin sone svært tydelege. Her er større områder utan særleg vegetasjon og innslaget av lav er tydeleg. Av karplanter som veks på toppen av Vassdalseggja kan nemnast stivstarr, rabbesiv, sauesvingel, grepplyng og krekling.

1.4 Dyreliv

Det er et rikt og variert dyreliv i Kvanndalen landskapsvernområde, sjølv om det neppe skiljar seg vesentlig frå det ein finn elles i Ryfylkeheiane. Samanlikna med til dømes Dyraheio landskapsvernområde er likevel variasjonen større på grunn av innslaget av den meir artsrike fjellbjørkeskog ein finn i Kvanndalen.

1.4.1 Dyre og fugleliv i fjellbjørkeskogen

Av hjortedyr kan ein råka på både elg og hjort i Kvanndalen. Beite tilhøva er gode og det er en fast bestand av begge artane i dalen. Elles er gnagarfamilien representert med hare og fleire artar med smågnagar. Når det gjeld rovdyr har både raudrev, mink, røyskatt og snømus fast tilhald i Kvanndalen. Det er aure i Kvanndalsåna frå Bakkaleger og heile vegen ned til Kvanndalsdammen

Det er eit rikt fugleliv i bjørkeskogen i Kvanndalen. Både orrfugl og lirype held til i liene og det er bestandar av både svartrost, måltrost, grårost, raudvingetrost og ringtrost, kor særleg dei tre siste er talrike. Talrike er også ei rekke mindre sporvefuglar som lauvsongar, heipiplerke, steinskvett, bjørkefink, bokfink, kjøttmeis og granmeis, men ein vil også til vanleg treffen på artar som blåmeis, raudstjert, sivspurv, raudstrupe og blåstrupe. Blåstrupe er ein sjeldan art i Rogaland, men her i Kvanndalen har fleire par tilhald. Det finns og Linerle i Kvanndalen og da særleg i samband med stølane. Gauk er også vanleg i området ettersom fleire av dei vanlegaste vertsfuglane er tilstades. Av vadefuglar er rugde eit fast innslag og strandsnipa er vanleg langs Kvanndalsåna. I Kvanndalsåna har også fleire par med fossekall fast tilhald. I skogsområda i Kvanndalen er dvergfalk den vanlegaste rovfuglen.

1.4.2 Dyre og fugleliv i høgheia

Villrein er nok det mest kjente pattedyret i Kvanndalen landskapsvernområde. Ein kan møte villrein til dei fleste årstider og av og til i store flokkar. Det går også fleire viktige trekkvegar i området. Lengst nord i Kvanndalen trekker villreinen nord for Djupetjørn og Kvanndalstjønn og ned i Kvanndalen. Eit anna trekk går ved foten av Kistenutenden, sørover Ståvassdalen og vidare over Lisledalsfleene. Elg kan en av og til også møte på oppe i høgheia. Dette er dyr som er på trekk mellom Kvanndalen og dei nærmeste skogsområda i Vinje og Bykle. Hare og raudrev er dyr som også er vanlege over tregrensa, og det same gjeld for røyskatt og snømus. Lemmen er også eit dyr med fast tilhald i høgheia. Bestanden varierar mykje med regelmessige toppar kvart tredje eller fjerde år. I slike smågnagarår har rovdyr og rovfugl godt tilgang på mat og kan fostre opp store ungekull. Eit meir sjeldan innslag i faunaen er jerven. Den ynglar ikkje i område, men streifdyr kjem innom med jamne mellomrom. Tidlegare hadde fjellrev også tilhald i område, men dei siste 30 åra har det knapt vorte sett fjellrev nær Kvanndalen. Det er

gode bestandar med aure i Isvatnet, Djupetjønna, Litlavatnet og Tverråna. Det finns også aure i fleire av dei mindre vatna på Lisledalsfleene.

Fuglelivet i dei høgareliggende delane av Kvanndalen landskapsvernområde er i hovudsak som andre stader i høgheia. Vanlege artar er fjellrype, raven, heipiplerke, steinskvett, snøspurv, sandmo og fjæreplytt, mens heilo og boltit er meir sjeldne. Langs vatn og vassdrag er strandsnipa vanleg, mens fossekallen er å finne i Tverråna sør for Litlavatnet. Av rovfuglar hekkar både fjellvåk, kongeørn, tårfalk og jaktfalk regelmessig i området. I gode smågnagarår kan bestanden av fjellvåk være ganske tett.



Fjellrype

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

1.5 Kulturminne

Viltressursane i Kvanndalen landskapsvernområde har vore utnytta av menneske heilt sidan steinalderen. Det er ikkje gjort så gamle funn innanfor verneområdet, men funn rett i nærleiken viser at desse fjellområda var tekne i bruk allereie for 7000 år sidan. Det er funne spor etter sesongbuplassar ved store vatn som Vasstølvatnet, Holmavatnet og Ståvatnet så ein skal ikkje sjå bort frå at slike spor kan dukke opp ved Isvatnet og Litlavatnet. Ei borteskoten jernpil som vart funne ved Nedre Djupetjørn tydar og på at området vart utnytta på liknande måte i jernalderen. Elles har ein ikkje ein sikre funn frå denne tida, men både hidlerer, dyregraver og bågåstiller kan ha ein bruk som strekker så langt tilbake. Sjølv om det er registrert ein del kulturminne som har samband med jakt og ferdsla, har dei fleste kulturminna i området tilknyting til stølsdrifta. Ein veit ikkje kor langt tilbake i tid stølsdrifta i Kvanndalen strekk seg, men truleg kan einskilte hustufter og kullgroper vara frå mellomalder og jernalder. Dei fleste synlege kulturminna i området er likevel frå nyare tid.

1.5.1 Kulturminne i Kvanndalen

Kvanndalen vart av mange rekna som den beste stølsdalen i Suldal. Ein kan ennå finne spor etter 10-12 ulike stølar innover dalen, og sjølv om ikkje alle var i drift samtidig vitnar det om ei intensiv utnytting beiteressursane i dalen.

Fleso er den nedste stølen, og ligg på nordvest sida av Kvanndalsdammen. Her står det framleis eit stølshus og to uthus, og stølsvollen er framleis open. Her finns og ei tuft etter ei steinbu frå nyare tid, samt ei eldre tuft og ei rydda flate som kan vere spor etter dyrking.

Takli ligg på austsida av dalen om lag ein kilometer ovanfor Kvanndalsdammen. Her står det ikkje at bygningar etter et eit av husa vart flytta til Svulanuten i 1975. I dag er stølsvollen mest attgrødd med bjørk og vier.

Slåttastølen ligg og på austsida av dalen ein knapp kilometer ovanfor Takli. Her står det inga hus, men det finns to tufter som kan tyde på stølsdrift frå gamalt av.

Hidlerberget ligg på vestsida av dalen to kilometer ovanfor Fleso. Stølshuset datt ned for nokre år sidan, men det er reist ei ny hytte på ein av murane. Bjørk og vierkratt dekker no det meste av den gamle stølsvollen. Det ligg også ei eldre tuft i området. Hidlerberget tilhøyrte bruket Øvrabø på Nordmork og det siste året dei støla her var i 1947.

Svulanuten ligg ennå ein kilometer innover dalen og tilhøyrer garden Jordebekk. Her står det fleire hus som er i god stand. Det eine som blir nytta som jakthytte er det som vart flytta hit frå Takli. Sjølve stølshuset vart opphavleg sett opp på Raudmyr i 1934, men flytta hit seinare. I tillegg kjem turisthytta som vart sett opp av Stavanger turistforening så tidleg som i 1896. Stølsvollen ved Svulanuten er framleis open og er den største i Kvanndalen. Området er rikt på kulturspor og det er mellom anna registrert fleire tufter, to hildlere, to buplassar, sju røyser, fem kullgroper, samt spor etter dyrking. Det vart støla med geiter på Svulanuten til starten av 1940-åra

Fossaslåtto ligg på austsida av Kvanndalsåna litt innanfor Svulanuten. Her er det ein del opne grassletter innimellom bjørk og virerkatt. Her er det også registrert ei hustuft.

Raudmyr ligg på vestsida av dalen ennå eit par kilometer innover dalen. Heller ikkje her står det hus i dag. Det eine stølshuset vart som nemnd flytta til Svulanuten og resten av bygningane brann ned i 1950-åra. Rundt Raudmyr er det i tillegg registrert to tufter, to hidlere, to kullgroper og ein buplass som kan være så gammal som frå steinalderen . Stølinga her tok slutt i 1940-åra.

Midtvik ligg også på austsida av Kvanndalsåna ein kilometer lengre inne. Det står ikkje att bygningar, men tufta etter stølshuset syner at dette var bygd opp mot ei stor steinblokk. Det ligg også ein hidler i området. Midtvik tilhøyrte opphavleg til Jorebekk, men gjekk over til Tuftekog i samband med eit giftemål i 1815. I 1908 vart Midtvik seld vidare til Odd Roalkvam

Jensafeta ligg også på vestsida av Kvanndalsåna om lag ein kilometer lengre inn enn Midtvik. I dag står det ei hytte på delar av murane etter ei uvanleg stort stølshus. Stølen tilhørte opphavleg Nordmork. I 1844 vart dette stølsbeite sold til Tufteskog og i 1908 vart Jensafeta kjøpt av Odd Roalkvam som nå eigde store deler av Kvanndalen. Etter kvart sette han i gong stordrift med geiter med utgangspunkt i Jensafeta. Nytt stølshus, fjøs og ysteri vart sett opp i 1909 og i to tre år rundt 1915 var det som mange som 1000 leigegeiter. Dette syntet seg å vere i meste laget og førte til overbeiting. Etter kvart vart stølinga redusert til ei årleg drift med om lag 200 leigegeiter. Utover 1930-talet vart også tilgongen på ved eit stadig større problem. Ystinga kravde store mengder brenne og ein vart nøydt til å frakte ved inn til Jensafeta. Dette gjorde til slutt drifta ulønnsam og stølinga vart flytta til Svultanuten. Hovuddelen av stølshuset vart flytta til mellom anna Sandvatn i 1949, mens andre deler vart nytta til å bygge hytta som står der ennå. I dag kan ein sjå mange spor etter denne stordriften. Murane etter stølshuset, ysteriet og fjøset står der ennå, og oppe i bekken finn ein rester etter ei innretting som utnytta vasskrafta. I området rundt Jensafeta er det i tillegg registrert fleire tufter og ein hidler på austsida av elva.



Kvanndalen ved Jensafet

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

Bakkaleger ligg også på vestsida av dalen om lag halvannen kilometer innafor Jensafeta. I dag står det ikkje hus på Bakkaleger, men ein kan sjå murane etter eit hus og ei inngjerding til husdyr. Huset vart nytta i til overnatting i samband med gjeting. Bakkaleger tilhørte opphavleg Nordmork, men vart i 1868 sold til Roaldkvam. På Bakkaleger låg også Stavanger turistforening si første hytte. I tidsrommet 1888-1898 leigde turistforening eit hus og nytta det som overnatningsstad for fotturistar på ruta mellom Bleskestad og

Haukeliseter. Hytta var i dårleg stand og utrustinga var spartansk med tangmadrassar og gjekk ut av bruk da Stavanger turistforening bygde si eiga hytte på Svultanuten i 1898.

Gamlastølen ligg på austsida av dalen ovanfor Bakkaleger. Her kan ein sjå murane etter eit stølshus.

Lengst inn i Kvanndalen ligg det også to relativt gode hidlere. Hidleren ved Bakkaleger ligg på vestsida av dalen under ei stor steinblokk. Den er lun og tørr og har liggeplass til fire mann. Torshidler ligg og på vestsida av dalen eit par kilometer lengre inne og noko høgare. Denne ligg også under ei steinblokk og har plass til tre mann. Torshidler vart truleg nytta i samband med både driftferdsle og anna ferdsle etter vegen frå Vivik mot Midtleger og Røldal.

1.5.2 Kulturminne i høgheia

Kulturminna oppe i høgheia er av ein annan karakter enn dei ein finn nede i Kvanndalen. Her oppe er det kulturminne i samband med jakt og fangst og da særleg dyregravene som er i fleirtal. Den sørlegaste av dyregravene ligg heilt nede ved Litlavatnet inne i Littlevassbotn. Det ligg og ei dyregrav på ei hylle i den bratte skråninga opp mot Djupetjønna. Oppe ved Djupetjønna ligg det også to dyregraver. Ved Lisledalsfleene ligg det ennå ei dyregrav. Denne er grove ut i ein grusrygg og er uvanleg godt bevart. Innunder Kistenutenden lengst nord i området ligg det to dyregraver. Her ligg det også eit bogestille. Desse har form som ein låg steinmur og vart nytta som skjul i samband med bøge jakt etter villrein. Ingen av dyregravene i området er aldersbestemte, men undersøkingar av andre graver i Dyraheio tyder på ei brukshistorie som strekk seg frå tidleg jernalder og fram mot Svartedauden (ca 200-1350 e.kr). Dyregravene måtte truleg ha eit regelmessig tilsyn om ikkje dagleg så minst eit par gonger i veka. Fanga dyr måtte avlivast, slaktast og fraktas bort og nytt kamuflasjedekke måtte leggast over grava. Alt tyder derfor på at gravane vart nytta frå dei gardane som låg nærmast eller hadde lettaste vegen. For dyregravene i Kvanndalen landskapsvernområde peiker gardane i Bleskestadgrenda seg ut som det mest sannsynlege utgangspunktet for bruken av gravene.



Dyregrav ved Lisledalsfleene

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

Inne i Littlevassboten i 1100 moh ligg murane etter eit driftelager som vart nytta nokre år sist på 1800-talet. Her inne var beitet såpass godt at ein kunne ligge her med drifter i korte periodar. I Littlevassboten ligg det og to hidlere litt oppe i skråninga. Den eine av desse ligg under ei stor steinblokk og er lun og tørr med plass til to mann. Denne vart truleg nytta som overnattingsstad i samband med drifteferdsla.

Isleger ligg på nordsida av Isvatnet. Dette er steinbu av noko nyare dato som er grove inn i bakken.

Det går også ein oppvarda gammal drifteveg gjennom området. Denne kjem opp frå Vivik ved Holmavatnet og går vidare over Lisledalsfleene før den kryssar Kvanndalen rett nord for Torshilder. Her frå går vegen opp til Kaldevatnet kor den delar seg i to. Ei grein går vidare nordover til Midtleger ved Haukelivegen, mens ei anna grein går austover til Blåbergdalen og Røldal.

1.6 Dagens bruk

Kvanndalen framleis eit viktig beiteområde for sau, og i 2013 beitte om lag 800 dyr i området.

I dag har Stavanger turistforening ei turisthytte ved Svultanuten. Dette vart bygd så tidleg som i 1898. Frå denne går det turistruter ut til Kvanndalsdammen og Roalkvam, oppetter

Kvanndalen til Haukeliseter og gjennom Skorpeskar til Sandvatn og vidare til Holmevasshytta eller Bleskestadmoen. Kvanndalshytta har om lag 130 overnattingar i året og er mest brukt sommar og haust.

Kvanndalen har òg vore eit viktig område for storvilt- og småviltjakt. Det jaktast elg og hjort kvart år i dei lågareliggende skogsområda, og i 2013 var det gjeve 15 fellingsløyve for villrein. Det er òg ein del småviltjakt i Kvanndalen.

Det er og godt aurefiske i fleire av vatna og vassdraga i området, så Kvanndalen har besøk av ein del fiskarar.

1.7 Meir lesing

Arkeologisk museum i Stavanger (1983a). Registreringar av arkeologiske kulturminne i Kvanndalen i tidsrommet 19- 24.06.83 og 31.07- 12.08.83. Stavanger

Arkeologisk museum i Stavanger (1983b). Registrering av etnologiske kulturminner i Kvanndalen i tidsrommene 21.- 24.06 og 29.-30.09.83 i samband med planar om vasskraftutbygging. Stavanger.

Bang- Andersen, Sveinung (1983). Innberetning om prøvestikking etter opne steinalderlokaliteter i øvre del av Kvanndalen i Suldalsheiene

Bang- Andersen, Sveinung (1984). Notat om fortsatt registrering av kulturminner innenfor det planlagte magasinområdet i øvre Kvanndalen i Suldalsheiene sommeren 1984. Stavanger.

Bang- Andersen, Sveinung (2004). Reinsdyrgraver i Setesdal Vesthei – analyse av gravenes beliggenhet, byggemåte og brukshistorie. AmS-Varia 40. Arkeologisk museum: Stavanger.

Bang- Andersen, Sveinung (2008). De første jegerne i Dyraheio – utnyttelsen av Setesdal Vesthei i steinalder ca 7000-3500 år før nåtid. AmS-Varia 48. Arkeologisk museum: Stavanger.

Brandal, Trygve og Tjeltveit, Njål (1996). Sau og hei. Sauehald og heiaføring i Ryfylke og på Haugalandet. Ryfylkemuseet.

Brandal, Trygve og Tjeltveit, Njål (1998). Geit og støl. Geitehald i Ryfylke og Nord-Rogaland. Ryfylkemuseet.

Eide, Frøydis og Arvid Odland (1981). Botanisk befaring i Røldal- Suldal i Forbindelse med videre kraftutbygging i området. Med et forslag til en flora-, vegetasjons- og vegetasjonshistorisk undersøkelse. Botanisk institutt. Universitetet i Bergen.

Foldøy, Oddveig (1988). Kvanndalen var "den beste seterdalen" i Suldal. I Stavanger Turistforening, Velkommen til fjells. En håndbok for turer fra Haukeliseter i nord til Frafjord i sør.

Frøyland-Pallelsen, Per (1987). Kvanndalen. I Stavanger Turistforening, Geologi for fjellvandrere.

Fylkesmannen i Rogaland. Forvaltningsplan for Kvanndalen landskapsvernområde, Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno Biotopvernområde i Suldal kommune, Rogaland.

Meyer, Ole Berger og Astrid Botnen (1983.) Flora og vegetasjon i Kvanndalen, Suldal, indre Ryfylke. Botanisk institutt. Rapport 31. Universitetet i Bergen.

Prøsch- Danielsen, Lisbeth (1990). vegetasjonshistoriske studier fra Suldal og Sauda kommuner, Nord Rogaland. AmS- Rapport 2. Arkeologisk museum i Stavanger.

Solheim, Pedersen Einar (1982a). Tre bygdesamfunn rundt heiia. AmS-Skrifter 8. Arkeologisk museum i Stavanger.

Solheim, Pedersen Einar (1982b). Stølsbruket i heiene. I Hallandsvik, J.E. (red.) Boka om heiene. Grøndahl & Søn Forlag.

Steinnes, Audun (1988). Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. Økoforsk rapport. 1988:12. Ås-NLH.

Dyraheio landskapsvernområde

Dyraheio – villreinens rike

Villfjellet var namnet dei første fotturistane gav dette utilgjengelege og ville fjellområdet mellom Suldal og Bykle. Lokalbefolkinga var mindre dramatiske i si namnsetting. For dei hadde område vore staden kor dei kunne spe på matforsyninga med reinsdyrkjøt, og namnet Dyraheio må ha vore eit naturleg val.

Tanken om at desse fjellområda er særleg verdifulle og bør takast vare på, er og gammal. Alt i 1926 har offiseren og kartoppmålaren Kristen Gleditsch ein artikkel i årboka til Stavanger turistforening, kor han foreslår å opprette ein nasjonalpark i desse områda. Gleditch hadde vorte godt kjent i området da han i 1913 og 1915 gjorde oppmålingane til KROKI kartet som mange suldølar ennå kjenner. Han meinte dette urørte området med villrein, rik flora og gode fiskevatn var så verdifullt og spesielt at det burde takast vare på for ettertida. Gleditch såg føre seg Hellevatnet som sentrum i ein nasjonalpark som strakk seg frå Snønuten i nord til Hovatn i sør, og frå Sletteskurven i aust til Pjåkevassheia i vest.



Prostøl

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

Slik skulle det ikkje gå, og dei siste 50 åra har den opphavlege Dyraheio vorte sterkt påverka av store kraftutbyggingar, men innanfor grensene til Dyraheio landskapsvernområde finn ein framleis urørte område kor villreinflokkane ennå streifar omkring. Dei siste urørte delane skulle likevel bli verna. Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta heiter det at *"Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urort natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa"*.

2.1 Dyraheio – eit landskap med store kontrastar

Mykje av Dyraheio er bart fjell, ur og vatn. Eit karrig landskap kor ein sparsam vegetasjon klorar seg fast der det er mogleg å få feste. Samstundes er dette eit landskap kor kontrastane er store. Felt med næringsrik fyllitt gjer mange fjellsider grøne og frodige, og nokre stader finn ein reine høgfjellsoasar med eit eineståande rikt planteliv. På stadar som Strandalen, Raudnuten, Meiadalen og Hogsnuten, veks det fleire sjeldne planter som er ei viktig årsak til at Dyraheio vart verna. Høgdeforskjellane er og med på å skape eit variert og kontrastfylt landskap. Høgast tronar Snønuten (1604 moh) som er den skjette høgaste toppen i Rogaland, men og Kringlenuten, Leirnuten og Austre Kaldefjell når nesten opp mot 1500 moh. Samstundes omfattar og Dyraheio nokre av dei finaste stølsområda i Rogaland. Blant desse er den store vide dalen mellom stølane Bleskestadmoen, Klaupskeidmoen og Nystølen. Stølsområda ved Mostøl og Håvestålen ligg utanfor verneområde, men både dalen nordover med Gaukstøl, Skitstøl og Krokevasstølen, og dalen austover med Jonstøl og Sandvasstølen ligg innanfor. Det gjer og dalen frå Reinskvelven til Nyastølen og indre delen av Prostøldalen. I deler av desse områda finn ein og ein frodig fjellbjørkeskog med nokre innslag av furu.

Det finns fleire relativt store vatn i Dyraheio. Det største av desse er Holmavatnet med eit areal på om lag 4km², men også Steinkilevatnet, Austre Kaldevatnet, Midtvatnet, Kringlevatnet og Vestre Kaldevatnet er relativt store. Dei fleste av vassdraga drenerar vestover enten mot Suldalsvatnet og Suldalslägen eller sørvestover mot Ulla. Unnataket er Austre Kaldevatnet som drenerer austover mot Ormsa og Otra vassdraget. Litt spesielt er det dermed med dei tre vatna Austre Kaldevatnet, Midtvatnet og Kringlevatnet som ligg berre nokre få hundre meter frå kvarandre, men likevel drenerar til tre ulike vassdrag.

2.2 Grenser for verneområde

I sør blir utstrekninga av Dyraheio landskapsvernområde langt på veg bestemt av Blåsjø. Det sørlegaste punktet i verneområdet er Odden rett nord for Oddatjønndammen. Herfrå går grensa nordaustover til Skreivassdammen før den følgjer strandlinja til Blåsjø austover til Pøyleåna og fylkesgrensa mellom Rogaland og Aust Agder. Herfrå følgjer grensa for verneområde fylkesgrensa eit langt stykke. Først nordaustover til Hellevatnet og Holmavatnet, og deretter nordover midt i Holmavatnet og Steinkilevatnet, før den går vidare nordover til Austre Kaldefjell og Aslaknuten. Her bryt grensa mot aust og Urdevassnutane før den går nordaustover over Meien og fram til Storhedderfjell. Her forlet grensa for verneområdet fylkesgrensa, og etter utvidinga i 2010 følgjer den nå grensa til Holmevassåno biotopvernområde ned til Sandvatn. Den nye grensa følgjer strandlinja mot sørvest til den kjem inn på den gamle grensa sør for Sandvatn.

Nordgrensa for Dyraheio går nå vestover til Hongsnuten før den bryter mot sør og kryssar Bleskestadåna. Vidare går den mot sørvest over Kverneheia før den bryter mot søraust og kryssar Gaukstølåna og går vidare sørover til Åimjøllo. Frå her går grensa på ein måte rundt Vestre Kaldefjell, først mot vest og så nordover til Dyrskarnuten og mot aust til Botnanuten. Nå går grensa rett sør forbi Bothnavatnet og over Kaldejuv, før den går sørvestover til Grunnevassfossen. Så går grensa på nytt sørover til Kjelkanuten litt sør for Stranddalen, og vidare mot søraust til Odden.

Verneområdet har dermed ein utstrekning på om lag 40x7.5 km, og eit samla areal på 307km².

2.3 Om geologi og landskapsformar

Den store variasjonen vi finn i dagens landskap i Dyraheio, har ei lang og interessant geologisk forhistorie. Som mange andre stader i Ryfylke har og berggrunnen i Dyraheio den vanlege "blautkakestrukturen", kor eit lag med laus og næringsrik fyllitt ligg mellom to harde lag med grunnfjell. Det er og i denne tredelinga vi finn årsaka til både det dramatiske landskapet og det rike plantelivet. Samstundes kan Dyraheio by på fleire geologisk godbitar, for i dei austre og nordlege delane av området er sjølv grunnfjellet langt meir enn berre gråstein.



Pjåkevassheia

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

SULDAL FOTO.NO

2.3.1 Grunnfjellet

I det nedste laget i blautkakestrukturen finn vi grunnfjellet. Overflata til grunnfjellsområda var i utgangspunktet relativt jamn og flat og er restar etter det såkalla "subkambriske peneplanet". Ei flate som blei danne for om lag 600 millionar år sidan, da vær og vind hadde tæra ned store delar av fjellkjedene frå ertida. Rester av denne gamle flata kan ein finne mange stader, men særleg tydeleg er den på Veneheia, vest for Grasdalen og i Leirdalen. Sjølv om det kan være freistande, så blir det for enkelt å berre kalle grunnfjellet for grunnfjell. I Dyraheio består grunnfjellet av ei lang rekke ulike bergartar, og nokre av desse grunnfjellsområda er interessante sjølv for geologane. Dette gjeld særleg områda i sørøst mellom Leirdalen og Hellevatn, og eit område i nord ved Sandvassbrekka.

Viss vi startar i sørvest så består grunnfjellet ved Stranddalen, Veneheia og inn mot Breiavad av ein granittisk gneis som er ei overgangsform mellom dei to vanlegaste grunnfjellsbergartane gneis og granitt. Lengre aust på Storsteinsheia og opp mot Grasdalsheia og Nøvlenuten, består grunnfjellet av ein relativt grovkornet granitt. Når ein kjem aust mot Skorpa blir geologien meir variert. Her kjem det inn fleire felt med meta andesitt og dioritt saman med granitten, og når ein kjem nord for Krossvatn og Grjotdalen, er det meta andesitten som tek over som den dominerande grunnfjellsbergarten. Frå Leirdalsvatna og nordover kjem ein inn i eit nytt felt med granitt. Slike felt med grovkorna granitt finn ein nå mange stader i dei lågareliggende delane av

heia heilt opp til Bleskestadmoen. Ved Bleskestadmoen finn ein og eit nytt felt med dioritt. Lengst nord i Dyraheio endrar grunnfjellet på nytt karakter. Her kjem vi inn i eit område som hørar med i den såkalla Telemarksformasjonen. Desse bergartane er lett å kjenne att ettersom dei ulike laga står på høgkant og dannar tydelige stripa i terrenget. Aller tydelegast ser ein dette i områda ved Sandvassbrekka. Her finn ein vekselvise stripa med bergartar som kvartsporfyr, amfibolitt, metagabbro og lyse gneisar.

Granitt er nok den vanlegaste grunnfjellsbergarten i Dyraheio. Den er ein vulkansk djupbergart som er lett gjenkjenneleg ved at mineralkorna er godt synlege, og at de ikkje dannar noko fast mønster. Granitten i Dyraheio er i tillegg relativt grovkorna. Fargen er som regel grålig, men kan variere frå raudleg til nesten svart. Dioritt er og ein vulkansk djupbergart som liknar ein del på granitt. Den har og tydelege korn, men er som regel lys i fargen. Kvartsporfyr er ein vulkansk dag eller gangbergart. Den er i hovudsak finkorna, men med enkelte større korn som skil seg tydeleg ut. Meta-Andesitt er ein omdanna bergart som har den vulkanske bergarten andesitt som utgangspunkt. Andesitt vart danna når lava störkna nær jordoverflata. Meta-Andesitt har ein grå farge og er utan struktur. Amfibolitt er ein omdanna (metamorf) bergart som opphavleg har vore ein vulkansk bergart. Den består av fleire mørke næringsrike mineralar og gjev derfor grunnlag for eit rikare planteliv.

Dei fleste grunnfjellsbergartane, bortsett frå amfibolitten, er harde bergartar som forvitrar seint. Dette betyr at steinen i liten grad brytast ned til sand og grus som kan gi gode vekstvilkår for planter. I tillegg er grunnfjellsbergartane ofte næringsfattige slik at det berre er dei nøy same plantene som vil trivast i slike område.

2.3.2 Skiferlaget

Fyllitt og glimmerskifer som utgjør laget over grunnfjellet har ganske andre eigenskapar. Som det lokale namnet "råtafjell" tydar på forvitrar fyllitt svært lett og gir opphav til et tjukkare jordsmonn. Elles er særlig den mørke fyllitten rik på kalk, magnesium og andre viktige næringsstoff som alle planter sett pris på. Derfor vil vi i fyllittområda finne ei rekke planter som stiller store krav til næringstilgangen og derfor ikkje vil finne livsgrunnlag i grunnfjellsområda.

I Dyraheio finn ein fyllitt og glimmerskifer heilt oppe i overflata i store samanhengande område. I sør dekker fyllitt heile Pjåkevassheia og store område på begge sider av Vestre Kaldevatn. Her dekker fyllitten mest heile bredda av verneområdet frå Sletthei i vest til Leirnuten i aust. Mot aust finn ein og fyllitt i Litlafjellet og Grønafjell. Dette fyllittområde strekk seg nordover forbi Snønuten og Austre Kaldafjell og fram til Raudnuten. Lengre nord finn ein fyllitt og glimmerskifer meir flekkvis, men det er store felt med desse bergartane både i Krokevassnuten, Meien, Storhedderfjell og Hongsnuten.

Fyllitt er ein omdanna eller metamorf bergart. Utgangspunktet er leire som ble avsett i havområda som overfløypte det "subkambriske peneplanet" for om lag 600 millionar år sida. Leirlagane vart stadig tjukkare gjennom heile kambrosilur perioden som varer i om lag 200 millionar år, og etter kvart som trykket aukar blir leira forsteina til avsetningsbergarten leirskifer. Under den "Kaledonske fjellkjedefolding". for om lag 400 millionar år sidan foldes jordskorpen og det oppstår en stor fjellkjede over det meste av Vest-Noreg. Nå føres leirskiferen lengre under overflaten og på grunn av aukande trykk og temperatur omdannes den til fyllitt og nokon gongar vidare til glimmerskifer.

2.3.4 Skyvedekket

I samband med den "Kaledonske fjellkjedefoldinga" vart også eldre grunnfjellsbergartar skyvd over den yngre fyllitten. Denne "høgfjellsetasjen" eller "skyvedekket" som den også kallas består i hovudsak av ulike typar gneis. Mykje av skyvedekket har forvittra bort, men Dyraheio finn vi restar av det på fleire av dei høgaste toppane. Store deler av Såta og områda nord for Såtevatn består av gneis. Det gjer også toppane av Leirnuten, Kringlenuten og Austre Kaldefjell. Eit stor område med gneis dekker også toppen av Skåranuten, Raudfjell og Neverhatten, mens eit mindre område dekker toppen av Dyrskarnuten. På Snønuten og Vestre Kaldafjell finn ein også restar av skyvedekket, men her finn ein i tillegg til gneisen også ein del overskjøvne djupbergartar.

På dei stadene kor ein finn restar av skyvedekket, fungerer dei harde bergartane som et lokk som beskyttar dei mindre harde laga med fyllitt som ligg under. Her blir det ofte danna bratte skrentar med store rasmarker under. På grunn av den beskyttande effekten til dei harde bergartane i skyvedekket er det ingen tilfeldigheit at alle dei høgste toppane i Dyraheio har eit slik topplokk med harde bergartar.

Gneisen i skyvedekket har omtrent dei same eigenskapane som granitten når det gjeld grunnlag for plantevokst. Bergarten forvitrar seint og gir opphav til et skrint og næringsfattig jordsmonn. Gneis er ein sterkt omdanna bergart som kan ha sitt utgangspunkt i mange andre bergartar. I gneisen er de enkelte mineralkorna ikkje synlege, men den kjennes lett att ved at dei dannar tydelig band og stripa ofte med forskjellig farge.

2.3.4 Landskapsformer og lausmassar

Etter den store fjellkjedefoldinga, startar nedtæringa av dei høge fjella. For 66 millionar år sidan glir landplatene til Grønland og Noreg frå kvarandre og Atlanterhavet og Norskehavet blir danna. I samband med dette vart Vestlandet heva opp minst 1000m. Dei siste to millionar år har fleire istider og utallige elver og bekkar tæra på fjella og forma det landskapet vi finn i dag.

I Dyraheio finn ein mange spor etter isen og vatnet sitt arbeid. Isen har skura nokre område heilt frie for lausmassar, mens den har lagt att store mengder sand og grus andre

stader. Ved Stranddalen, Mostøl og Bleskestadmoen har isen grove ut store gryter, mens dei amfiforma grytene ved Botnavatnet og Svartavatnet er gode eksempel på arbeidet til mindre botenbrear. Elles har ein kombinasjon av is og vatn grove ut den markerte dalen frå Moltenuten til Mostøl. Nokre stader gjorde svake soner og sprekkar i fjellet arbeide lettare for is og vatn. Ein slik sprekk går i nord-sør retning frå Kyrkjesteindalen, Vestre Kaldavatn, Grasdalen til Gautejuvet. Mens ein annan går aust-vest frå Kaldejuv, Vassdalane, Gravetjønn, Krossvatn, Grjotdalen til Holmavatnet.

Ei av dei mest iaugefallande landskapsformene i Dyraheio er Kaldejuv. Kaldejuv er som ei to kilometer langt øksehogg gjennom fjellryggen mellom Vestre Kaldavatn og Kvildalsdalen. Kantane på juvet er stupbratte og botnen er overstrøydd med store steinblokker. I dag renn det mest ikkje vatn i Kaldejuv, men det er likevel mest truleg vatnet som ein gong grov ut denne landskapsforma. Akkurat som det meir berømte Jøtulhogget vart Kaldejuv danna når ein bredemd sjø plutselig fekk avløp og enorme vassmengder strøyma ut. Ut frå lausmassane som ligg at inne i heia, ser det ut til at det mot slutten av siste istid låg ein stor bredemd innsjø ved Vestre Kaldavatn. Isdemningar stengte avløp mot sør og vest slik at vatnet til slutt fant vegen mot vest og ut i Kvildalsdalen

lausmassane i Dyraheio består i hovudsak av morenemateriale som vart att etter breen etter siste istid. Det er både snakk om botnmorene som vart avsett på undersida av isen, og ablasjonsmorene som er restar etter lausmassar som låg inne i eller oppå isen. Kjenneteiknet på morene er at både stein, grus, sand og leire er blanda saman utan noko system, samstundes som småstein og grus har skarpe kantar og i liten grad ber preg av å være slipa av vatn. Morenedekket i området er for det meste svært tynnt. Det kan mellom anna sjå ved at det stikk opp knausar med fast fjell mange stader. I mange av dei bratte skråningane ein finn i Dyraheio består lausmassane av rasmateriale. Her er det særleg den lause fyllitten som er opphav til rasmarkane. Nokre stader langs dei større vassdraga finn ein og elveavsetningar som er ei tredje form for lausmassar. Desse består av grus og sand som er slipa og sortert av rennande vatn. Slike elveavsetningar finn ein mellom anna ved Bleskestadmoen og mellom Krokevasstølen og Gaukstøl.

2.4 Planteliv i Dyraheio

Plantelivet i Dyraheio landskapsvernområde er variert, og talet på ulike karplantar som veks her er relativt høgt. Over store deler av område er vegetasjonen skrinn og relativt artfattig, men finnes og område med ein heilt eineståande frodigheit og artsrikdom. Ein viktig årsak til den store variasjonen i vegetasjonen ligg i den skiftande berggrunnen. I tillegg kjem også dei variasjonane som naturleg følgjer med ulik høgde over havet, snødekke og tilgang på livd og sollys. Dette medførar at både varmekrevjande låglandsplanter og typiske fjellplantar veks innanfor Dyraheio landskapsvernområde. Ein annan årsak til den store variasjonen skyldast at Dyraheio ligg i ei overgangssone mellom

kystklima og innlandsklima. Dermed opptrer typiske vestlege artar som rome, bjønnkam og blåknapp, saman med austlege artar som søterot og turt.



Reinrose

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

2.4.1 Fjellbjørkeskogen

Dei lågareliggende delane av Dyraheio, som til dømes rundt Bleskestadmoen og dalføret mellom Jonstøl og Skitstøl, er dominert av ein såkalla sub-alpin bjørkeskog. Tregrensa ligg normalt mellom 800-850, men der kor lokalklimaet er særleg gunstig kan tregrensa nå opp til om lag 900 moh. Dette finn ein døme på mellom anna i den vestvendte sida opp mot Raudnuten og i den sørwendte lia opp mot Havrenosnibba. Under om lag 700 moh finn ein og ein del innslag av furuskog på dei tørraste stadene. Ved Nystølen finn ein og nokre mindre felt med planta gran.

Bjørkeskogene i Dyraheio er ikkje særleg næringskrevjande, og bjørka har til vanleg følje med ulike vierartar og lyngartar, gullris, små marimjelle og grasartar som smyle og sølvbunke. Bregnar som fjellburkne, smørtelg og hengjeveng er og vanlege. På litt fuktige stader kan bjørkeskogen vere dominert av skrubbær og blåtopp. Sjølv om fjellbjørkeskogen stort sett er fattig, finn ein og nokre stader kor sigevatn og god tilgang på næring gjev grunnlag for ein rikare vegetasjonstype. I slike høgstaudekratt vil ein i tillegg til vierartar finne ei rekke store og iaugefallande urter. Dette vil særleg dreie seg om turt, kvitsoleie, vendelrot, mjødurt, kvitbladtistel, fjelltistel, sløkje, raud jonsokblom og

skogstorkenebb. I tillegg vil en som regel finne sølvbunke, skogrørkvein, fjellburkne og smørtelg.

2.4.2 Myr

Det finns ein del mindre myrområde i Dyraheio. Desse er lokalisert under eller like over tregrensa. Høgare oppe i heia går både planteproduksjonen og nedbrytinga ennå saktare, og her blir det blir ikkje danna myr. Dei fleste myrane finn ein i gryta mellom Nystølen, Bleskestadmoen og Klauvskeidmoen, mens den største myra ligg i Reinskvelven. Det er også ein del myrar rundt Krokevasstølen og i området rundt Jonstøl. Desse myrene er i hovudsak fattige starrmyrer kor karplantar som tranestarr, blankstarr, flaskestarr, myrsnelle og duskull er vanlege. Her vil ein også ofte finne artar som molte og blåtopp. Det veks også fleire ulika artar torvmose i desse myrene.

2.4.3 Stølsvollar

På dei mange stølsvollene i dei lågareliggende delane av Dyraheio, domineras vegetasjonen av det som på fagspråket kallas sekundære grasheier. Namnet kjem av at vegetasjonen opphavleg har vore ein annan, men at lange tider med vedhogst, slått og beite har fortrent desse artane. Samstundes som denne verksemda har favorisert ei lang rekke gras og starrartar. Stølsvollane domineras no av artar som sølvbunke, finnskjegg, gulaks, engrapp og engkvein, samt seterfrytle, kornstarr og stivstarr. Andre planter som fjellmarikåpe, engsyre, tepperot og harerug er også vanlege på stølsvollane. Utanfor sjølve stølsvollane er det vel berre i Grasdalen at ein finn liknande grasheier. Her inne har det ikkje vore støling eller slått, men beitinga i samband med mellom anna driftsferdsela har vore relativt omfattande.

No er det om lag 55 år sidan det vart heilt slutt på stølsdrifta i Dyraheio. Når stølsdrifta opphørte var og vedhogsten sterkt redusert. Slåtten haldt fram noko lengre, men det har knappast vore slege dei siste 50 åra. Talet på beitedyr har også gått jamt nedover. Dei sekundære grasheiane som oppstod på grunn av kulturpåverknad vil derfor truleg sakte forsvinne no som denne påverknaden mest er borte. Dette kan ein alt sjå tydelege teikn på. På fuktige stader et vierkratta seg innover stølsvollane, mens der det er tørrare er bjørkeskogen på veg tilbake. Mange stader veks det også tette kratt med brakje i utkanten av stølsvollane.

2.4.4 Lågalpin sone

Når ein kjem over tregrensa får forma på landskapet mykje meir å si for plantelivet. Avblesne og tørre rabbar vil få ein type vegetasjon, skrånningar og søkk der snøen ligg lenger vil få ein annan. I tillegg vil vegetasjonen også variere med tilgongen på næring. I Dyraheio strekker den lågalpine sona seg fra tregrensa ved om lag 850 moh, og opp dit kor blåbæra ikkje lengre veks i samanhengande bestandar ved om lag 1050-1100 moh.

Fattige område

Fattige lyngheiari er ein svært vanleg vegetasjonstype i Dyraheio. På dei vêrharde rabbene vil særleg artar som rypebær, greppling og krekling trivast, men også artar som stivstarr, rabbesiv og smyle er vanlige saman med både skogstjerne og ulike svever. I

skråningar kor det ligg litt meir snø er det blåbæra som dominerer saman med mellom anna blålyng, blokkebær og dvergbjørk. Her vil det også vekse fleire gras og blomsterplanter som smyle, gullris og skogstjerne.

Det varierte landskapet i Dyrheio førar til at det finns svært mange søkk og forseinkingar kor snøen ligg lenge utover våren. Desse snøleiane vil likevel variere mykje i utsjånad. Der kor snøen ligg lengst vil ein finne dei såkalla musøre snøleier, kor musøre er den dominerande arten. Her vil ein også finne dvergråurt, trefingerurt, stivstarr og smyle. Dersom desse snøleia blir skikkeleg våte vil ein også få innslag av fuktkrevjande arter som stjernesildre, engmjølke, fjellsyre og fjellskrinneblom. Der kor det er tørrare og snøen ikkje ligg like lenge vil det utvikle seg grassnøleier. Her veks til vanleg finnskjegg, bjønnskjegg, smyle og stivstarr, som og kan få følgje av blåbær og blokkebær. Der det er mykje ur vil ein få bregnesnøleier med mykje fjellburkne eller hestesprenge.

Rike område

Ein viktig grunn til at Dyrheio landskapsvernområde vart oppretta er det uvanleg rike plantelivet. Ved fleire lokalitetar gjev den næringsrike fylitten grunnlag for eit stort arts mangfald og mange næringskrevjande fjellplanter. Den mest kjente lokaliteten er Strandalen, men andre lokalitetar som Hongsnuten, Raudnuten, Meiadalen og Kvelven har mykje av det same arts mangfaldet. Strandalen er kanskje særleg kjent for den relativt store førekomensten av bergjunker. Bergjunker er ein nær slekning av sildrearten bergfrue, og i tillegg til nokon lokalitetar i Ryfylkeheiene, veks denne berre tre stader i Nordland og Troms innanfor Noreg sine grenser. Utover dei nemnte lokalitetane finns det og område med rikt planteliv mellom anna i sørskråningen opp frå Øvre Moen, ved Turtagrøet nordvest for Breidavatn og lengst aust i Krossvatn.

Mange av lokalitetane omfattar bratte skråningar kor næringsrikt sigevatn gjev grunnlag for små oasar med næringskrevjande fjellplanter. Gulsildre er ein svært vanleg art i slike rike sig. Elles er også artar som rynkevier, flekkmure, jåblom, dvergjamne, sotstarr og hårstarr vanlege. I tillegg vil også mange høgstauder trivast på desse stadene. Det vil mellom anna dreie seg om kvitbladtistel, fjelltistel, skogstorkenebb og raud jonsokblom. Stader der det ikkje er like vått, men framleis godt med næring vil ein mange stader i fyllittområda finne så kalla reinroseheier der det veks tette bestandar av reinrose. I tillegg finn ein også andre næringskrevjande arter som raudsildre, bergfrue, bergjunker, norsk vintergrønn, rynkevier, snøsøte, flekkmure, fjellbakkestjerne, bergveronika, rosenrot, kvitkurle og hårstarr, samt nokre mindre kravstore artar som tyttebær, kattefot og rabbesiv.



Bergjunker

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

2.4.5 Høghei og toppar

Dei delane av Dyraheio som ligg høgare enn om lag 1100 moh, tilhørar mellom alpin sone. Her vil store områder være dominert av lyngartar som krekling, grepplyng, med innslag av blokkebær, blåbær og fjellbjørk på litt lunare stader. Rabbesiv, stivstarr, musøre, finnskjegg og smyle er også vanlege artar. Forutan at blåbær blir sjeldan karakteriserast mellom alpin sone av at vegetasjonen ikkje er like samanhengande og eit aukande innslag av gras og lavartar. Når ein kjem opp på dei høgaste toppane blir desse trekka ved mellomalpin sone svært tydelege. Her er større områder utan særleg vegetasjon og innslaget av lav er tydeleg. Av karplanter som veks på dei høgaste toppane kanein nemna stivstarr, rabbesiv, sauesvingel, grepplyng og krekling.

2.5 Dyreliv

Dyraheio landskapsvernområde er rikt på liv. Her finn ein ei lang rekke artar med fuglar og pattedyr som er med på å gje liv til fjellandskapet. Artane er langt på veg dei same som ein finn elles i Ryfylkeheiane, men som namnet seier kan ein ofte møte på villrein. Sjølv om villreinstamma har vore relativt liten dei siste åra er det framleis villrein i Dyraheio, og dette dyret er utan tvil karakterarten for dette område.

Av andre hjortedyr kan ein råka på både elg og hjort i Dyraheio. Dette gjeld særleg i dei lågareliggende delane i nordvest. Mellon anna held det til ein liten elgstamme i områda rundt Bleskestadmoen, men ein kan og møte på elg på trekk til og fra Setesdalen langt inne i høgheia.

Dei siste åra har det vore mest vanleg å treffen på villrein i dei austlegaste delane av område. Nokre mindre flokkar nyttar og område lengre vest, og om den totale bestande aukar kan ein forvente å treffen dyr over heile område. Dyraheio blir i stor grad nytta som vinterbeite av den nordlege stamma som held til i Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane. Om våren trekker simlene austover mot kalvingsområda, men kjem attende til Dyraheio utpå sommaren. Tidleg om hausten står dyra normalt lengre aust, men i jakta er det mest alltid dyr å sjå. I område går det mange kjente villreintrekk, og dei fleste er framleis i bruk.



Villrein

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

Av rovdyr er det raudreven som er mest talrik, og den kan treffast på både i fjellbjørkeskogen og oppe i høgheia. Kvart år streifar det og jerv innom område. Ein reknar til og med at same individet har vore i Dyraheio fleire år på rad. Dei mindre rovdyna mår, røyskatt og snømus er og faste innslag i dette område. Tidlegare var det også fjellrev i Dyraheio. Framleis kan ein finne store hikompleks i sandhaugar rundt i område, men det har ikkje vore sikre observasjonar av fjellrev dei siste 20 åra.

Elles er gnagarfamilien representert med hare og fleire artar med smågnagar. Haren er relativt talrik og du kan du møte den både nede i skogen og oppe på snaufjellet Lemmen er og ein viktig art i høgfjellsøkologien med fast tilhald i høgheia, men bestanden varierar

mykje med regelmessige toppar kvart tredje eller fjerde år. I slike smågnagarår har rovdyr og rovfugl godt tilgang på mat og kan fostre opp store ungekull. Med ujamne mellomrom prøvar og beveren å etablera seg. Sist gong skjedde dette i nærleiken av Dørlevatnet for om lag 15 år sida.

Det er eit rikt fugleliv i bjørkeskogsområda i Dyraheio. Både orrfugl og lirype held til i liene, og det er bestandar av både svartrost, måltrost, grårost, raudvingetrost og ringrost, kor særleg dei tre siste er talrike. Talrike er også ei rekke mindre spordefuglar som lauvsongar, heipiplerke, steinskvett, bjørkefink, bokfink, kjøttmeis og granmeis, men ein vil også til vanleg treffen på artar som blåmeis, raudstjert, sivspurv, raudstrupe og blåstrupe. Ein kan og møte på Linerle i Dyraheio, og da særleg i samband med stølane. Mellom anna held det til eit par på Stranddalshytta, mest 1000 moh. Gauk er også vanleg i området ettersom fleire av dei vanlegaste vertsfuglane er tilstades. Av vadefuglar er rugde og rødstilk faste innslag og strandsnipa er vanleg langs elvar og vatn. I mange elver og bekkar har og fossekallen fast tilhald.

I skogsområda er dvergfalk som den vanlegaste rovfuglen, men i høgheia er kongeørna oftast å sjå. Tårnfalk er og eit vanleg innslag, og den meir sjeldne jaktfalken hekkar og fleire stadar i Dyraheio. Fjellvåk hekkar og regelmessig i Dyraheio, og i gode smågnagarår kan fjellvåk være eit ganske vanleg syn.

Mange av spurdefuglane frå fjellbjørkeskogen treff ein og på i høgheia, i tillegg til at det kjem inn nokre meir spesialiserte fjellartar. Vanlege artar er fjellrype, kråke, ravn, fiskemåke, heipiplerke, steinskvett, snøspurv, sandlo og fjæreplytt, mens heilo og boltit er meir sjeldne. Langs vatn og vassdrag er strandsnipa vanleg, mens fossekallen er å finne i mange elver og bekkar.

Det er aure i mange vatn, og fleire av bestandane er av svært god kvalitet. Sur nedbør er ikkje lenger noko trugsmål, men dei siste åra har ein sett ein tendens til tette bestandar og "overbefolkning" sjølv i høgareliggende vatn. Truleg har fleire tidelege somrar medverka til at gytinga har vorte litt for vellukka. Lengst søraust i Dyraheio kan ei og få canadisk bekkerøye i Hellevatnet og Pøyleåna. Dette uvanlege innslaget skyldast fiskeutsettingar i Bykle, som etter kvart har utvikla seg til sjølvrekutterande bestandar.

2.6 Kulturminne

Villreinen i Dyraheio landskapsvernområde har vore utnytta av menneske heilt sidan steinalderen. Det er ikkje gjort så gamle funn som frå steinalderen innanfor verneområdet, men funn rett i nærleiken viser at desse fjellområda var tekne i bruk allereie for 7000 år sidan. Det er mellom anna funne spor etter sesongbuplassar ved Storevatnet og Gyvatn rett sør for Blåsjø, ved Holmavatnet og ved Mosvatnet. Alt tydar og på at området vart utnytta på liknande måte i jernalderen. Mellom anna er det funne to

pilspissar av jern frå vikingtid i Høgaloftsmarka som ligg rett utanfor vernegrensa. I tillegg er det registrert ei lang rekke med hidlarar, dyregraver og bågåstiller som kan ha ein bruk som strekker seg tilbake til jernalderen. Det har ikkje vore gjennomført registreringar av kulturminna i tilknyting til stølsdrifta i område, men ut frå registreringar i nærliggande område som Kvildalsdalen og Kvanndalen, kan einskilte hustufter og kullgroper vara frå mellomalder og jernalder. Dei fleste synlege kulturminna i stølsområda området er likevel frå nyare tid.

2.6.1 Ferdslevegar og jaktvegar

På kryss og tvers i Dyraheio går det ei lang rekke ulike oppvarda eller nødda stiar. Her vil eit system av små nøddingar og nokre større vardar innimellom, kunne vise riktig veg i det vanskelege fjellterrenget. Ein kan skilje mellom to hovudtypar slike nødda stiar. Den eine kan kallast ferdslevegar og omfattar hovudrutene for ferdsla mellom Setesdalen og Suldal. Dette er stiar som strekker seg frå dal til dal, og som ofte er godt varda på dei vanskelegast plassane. Dei viktigaste av desse var vegen over Meien på ruta mellom Breive og Bleskestad, vegane over Brudle og Saltjørndalen på ruta mellom Vatndalen og Bråtvæit, og vegen forbi Breidavad og Såta på ruta mellom Bykle og Kvildal. I tillegg til ferdslevegane finns det og ei rekke ulike jaktvegar i Dyraheio. Jakt vegane går ofte frå ei bygd og inn til gode jaktplassar eller overnatningsstader inne i høgheia. Gode døme på slike jaktvegar er vegane frå Mostøl til Steinkilen og Leirdalen, og vegane frå Kvildalsdalen til Leirdalen og Breidavad

2.6.2 Hidlarar og jordhytter

Det er registrert over 20 ulike hidlarar innanfor Dyraheio landskapsvernområde. Desse hidlarane har både vorte nytte i samband med ferdsle og jakt, og har truleg ein bruk som strekk seg langt bakover i tid. Hidlarane er framleis godt synlege og nokon få av dei bli til ei viss grad haldne vedlike.

Det finns og seks jordhytter i verneområde. Dette er små bygningars på 5-10m² med veggar av stein som er delvis grove inn i ein jordbakke.

Den eldste av hyttene stod i Slettedalen, men denne har ikkje vore i bruk på svært lenge og murane er berre så vidt synlege.

Leirdalshytta er den eldste vi kjenner det omtrentlege byggeåret på. I følgje tradisjonen skal den være sett opp av Lars Kvitanes i 1810. Denne hytta datt ned på 1930-talet og nå står berre deler av murane att.

Ein veit ikkje nøyaktig kor gamal jordhytta i Breidavad er, men den vart truleg sett opp ein gong på 1850-talet. Dette er den største av jordhyttene i Dyraheio og kan ha plass til seks mann. Hytta blir framleis halden godt vedlike.

Hytta i Grjotdalen vart bygd i 1878 av seks karar frå Kvildal. Namna deira og byggeåret er skore inn i mønestokken. Denne hytta nyttast framleis av og til i jakta og blir halden ved like.

Jordhytta i Steinkilen vart sett opp i 1896 og bygginga var finansiert av Waldo Sibthorpe på Lindum. Hytta har alltid stått open for jegerar, og eigast nå av Suldal Fjellstyre.

Brudlebu står i fjellsida under Brudle mot Krokavatnet. Det står og ei jordhytte i Tjørnarebotn.



Jordhytta i Grjotdalen
Foto

Foto: Jarle Lunde / Suldal

2.6.3 Dyregraver

Det er registrert fire dyregraver innanfor Dyraheio landskapsvernområde. Det ligg ei grav i nordvestre enden av Hellevatnet lengst sør og aust i verneområde, og tre dyregraver i Krossvatnområde. Både gravene ved Gravetjønn, Nøvlenutkjønna og Hellevatnet er framleis godt synlege, mens den på nordsida av Krossvatn er heilt rasa saman. Ingen av desse dyregravene er aldersbestemte, men undersøkingar av andre graver rett sør for Dyraheio, tyder på ei brukshistorie som strekk seg frå tidleg jernalder og fram mot Svartedauden (ca 200-1350 e.kr). Dyregravene måtte truleg ha eit regelmessig tilsyn, om ikkje dagleg så minst eit par gonger i veka. Fanga dyr måtte avlivast, slaktast og fraktas bort og nytt kamuflasjedekke måtte leggast over grava. Alt tyder derfor på at gravane vart

nytta frå dei gardane som låg nærest eller hadde lettaste vegen. For dyregravene rundt Krossvatn, peiker gardane i Kvildalsgrenda eller Bråteitgrenda seg ut som dei mest sannsynlege utgangspunktet for bruken av gravene. Grava ved Hellevatn høyrar truleg saman med fleire andre graver lenger aust i Hellevatnet, Ratevatn og Store Urar, og vart truleg brukt frå gardane ved Vatnedalsvatnet eller Botsvatnet.

2.7 Friluftsliv

Da det moderne friluftslivet fekk fotfeste i Rogaland, var Dyraheio eit av dei første områda som vart teke i bruk, og alt på 1890-talet er to av friluftslivets to pionergrupper i full verksemd. Fotturistane i den nyopprettet Stavanger turistforening fann raskt fram til Dyraheio, og sette opp si første sjølv eigde turisthytte på Bleskestadmoen i 1891. Utanlandske jegerar og fiskarar fant vegen til Dyraheio om lag på same tida, og den engelske lakselordenen Waldo Sibthorpe fekk sett opp hytter i sine jaktmarker i områda rundt Steinkilen og Breiavad. Nå hadde sjølvsagt suldølen til alle tider brukt Dyraheio som ferdsleveg, sauebeite og jaktområde som ein del av den daglege livberginga i det gamle landbrukssamfunnet, men nå fekk dei selskap i høgheia av menneskje med heilt andre motiv.

Snart tok større grupper med byfolk Dyraheio i bruk til ferie og fritid. I løpet av 1920-talet utvida derfor Stavanger turistforening verksemda i Dyraheio, og etablerte turisthytta på Mostøl og i Strandalen og merka turistløyter mellom dei. Vinterfriluftslivet kom noko seinare til Dyraheio, men på 1920 og 1930-talet fekk store befolkningsgrupper i byane påskeferie, og utelege av stølane i Dyraheio til påsketuristane vart vanleg.

I dag har Stavanger turistforening framleis ei omfattande verksemd i Dyraheio. Dei har eit godt utbygd rutenett og sjølvbetjeningshytter ved Krossvatn og på Bleskestadmoen. I tillegg kjem det til å bli bygd ei heilt ny sjølvbetjeningshytte på Jonstøl i 2013. I Strandalen er det bygd opp eit moderne turistanlegg, og den betjente turisthytta er eit svært populært turmål.



Snønuten

Foto: Jarle Lunde / Suldal Foto

Suldal fjellstyre har og tre relativt nye hytter i Dyraheio, ei på Grjotdalsnesset, ei ved Breiavad, og ei i Steinkilen. Desse hyttene står opne og nyttast særleg i samband med jakt og fiske. Området har svært mange gode fiskevann, og kvar haust blir det jakta både rype og villrein.

Kor mange som brukar Dyraheio i samband med friluftsliv har ein ikkje sikre tal på, men i 2010 var det registrert 3100 overnattingar på turisthyttene og 300 overnattingar på fjellstyrehyttene. I tillegg kjem mange som nyttar Dyraheio til dagsturar. Toppar som Såta og Snønuten er godt besøkt både sommar og vinter, og mange tek turen inn til Strandalen for å sjå på det rike plantelivet eller for å få seg ein komlemiddag. Bruken av Dyraheio er klart størst om sommaren. Dersom ein skal tru på overnatningsstatistikken, skjer så mykje som 85% av bruken i sommarhalvåret.

2.8 Meir lesing

Bakka, Tryggve (1997). Stadnamn, vegar og verksemrd i Dyraheio. AmS-Varia 16

Bang-Andersen, Sveinung (1983). Kulturminner i Dyraheio. AmS-Varia 12

Bang- Andersen, Sveinung (2004). Reinsdyrgraver i Setesdal Vesthei – analyse av gravenes beliggenhet, byggemåte og brukshistorie. AmS-Varia 40. Arkeologisk museum: Stavanger.

Bang- Andersen, Sveinung (2008). De første jegerne i Dyraheio – utnyttelsen av Setesdal Vesthei i steinalder ca 7000-3500 år før nåtid. AmS-Varia 48. Arkeologisk museum: Stavanger.

Fylkesmannen i Rogaland (1993). Verneplan for Kvandalen landskapsvernområde, Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde i Suldal kommune, Rogaland.

Gleditsch, Kristen (1916). Fra Suldals- og Bykleheiene. Stavanger turistforening årbok 1915-16.

Gleditsch, Kristen (1926). Nasjonalpark. Fredlyst almenning i Suldals-Bykle-heiene. Stavanger turistforening årbok 1926

Hellemo, Lars (1985). Frå torvskurd til tingsal. Ryfylkemuseet/Dreyer bok

Hoftun, Halvard (1981). Suldal kultursoge. Suldal kommune

Mossing, Anders og Heggenes, Jan (2010). Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdak Austhei. Norsk Villreinsenter Rapport 8/2010

Steinnes, Audun (1988). Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland. Økoforsk rapport. 1988:12. Ås-NLH.

Strand, Olav m.fl (2012). Villreinens bruk av Setesdalsheiene. Sluttrapport fra GPS merkeprosjektet 2006–2010. NINA Rapport 694

Ulla-Førre Undersøkingane (1975). Arkeologisk datarapport frå Ulla/Førreundersøkingane 1974. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

Ulla-Førre Undersøkingane (1978). Arkeologisk datarapport frå Ulla/Førreundersøkingane 1976 og 1977. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

Ulla-Førre Undersøkingane (1982). Arkeologisk datarapport frå Ulla/Førreundersøkingane 1978- 1982. Arkeologisk museum i Stavanger. Stavanger.

Verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane

Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR) er namna til dei store samanhengande fjellområde som ligg lengst sør i den norske fjellkjeda. Desse heiane rommar store kontrastar. I vest finn du vakre og dramatiske landskap med djupe fjordar og tronge dalføre. I nord ragar fjella høgt og snøen ligg til langt ut på sommaren, men her finn du og flekkar med ei overveldande blomsterprakt. I aust og sør ligg eit vidstrakt og bølgande heilandskap kor det aldri er langt mellom idylliske vatn og vassdrag. Meir enn 3000 villrein streifar gjennom områda, alltid på vandring for å finne dei beste beiteområde gjennom året.

At det finns til saman 17 store og små verneområde i desse fjellområda, seier mykje om kor verdifulle dei er. Vernet sikrar og at kommande generasjonar kan få gode naturopplevingar i desse heiane.

Kontaktinformasjon Norges nasjonalparker

Telefon:	95207083 / 90505902 / 48044583
E-post:	sfagpost@statsforvalteren.no
Nett:	www.svr.no
Post:	SVR Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal